

ram-ost m [GjerstadAas, A, R u ram; til ram-] **1** (overmogen) gamalost (A; R; Hall ofl A², Hemsedal, Hjartdal, Vestl mst; SvelløGol 483; Gj.åkerAB 22; NFL70Va 188); hertil *ramost-snik*. **2** (skarp) pultost (1) (GjerstadAas; Skiptvet, Eidsberg, NeRom, Nissedal, Drangedal, Fauske; Schum. JMS 282; ReintonTSr 89). **3** blomsterhuvad på kvitkløver (Aurland).

rav-kraft f [til III rav, jfr I elektron] (eldre namn på) elektrisitet (A. II, 230; Jans. Esk. LFU 86); *sporveggar med ravkraft* (Ga. D I, 90); hertil *ravkraft-lys*, -omn.

II rampe f [L, GjerstadAas, R] **1** ri med sjukdom (serl mageverk); omgangssykkje; rampe (II) (L; GjerstadAas; R; Os i Ød, Nissedal, Drangedal, Porsgrunn, Froland, Iveland, Hornnes, A-Vagd, Eiken, Lavik, Selje, Gloppen; Trl, No, Trs); òg i sms som *klein-*, *mage-*, *skite-rempe*. **2** morosam forteljing; skrøne; remse (II) (Kvinnherad, Ullensvang): *mormor fortalte mange rempor um han* (NFL88Hard 152).

III rose (ó) f [C rós, A; målf òg serl i tyd 4b og 4c ub pl røse(r) (Hall A2, Bremanger, Davik, Eresfjord og Vistdal, Bolsøy, Fræna, Åsskard, Surnadal, Trl mst), røs (Folldal, NGbr, Øyer, Ålvundeid, Sunndal, Trl sumst); frå lat, nor. *rós*, *rósa*] **1** bot., buskforma plante i rosefamilien, serl prydbusk av slekta *Rosa* (NoAllk; NLO): *i parkane har ein ? slike planter med feite store blomar, roser, begonia, fuksia, salvie* (Farbr. E 59) / *gjennom opne glas dreiv angen av rosene ved veggen inn til oss* (HaugeKG 124); i sms som *eple-*, *klatre-*, *nype-rose*. **2** plante som minner om rose (i tyd 1), men som høyrer til ein annan plantefamilie (NoAllk; NLO); i sms som *alpe-*, *lapp-*, *nykke-rose*. **3** stor og fargerik blomme(krone) av rose (i tyd 1 el 2): *eg? kjøpte ein bukett roser* (O. Ves. VL 307) / *det er ei takknemleg oppgåve å gå rundt med raude roser for Arbeiderpartiet* (Firda 2001) / *du må ikkje innbilla deg roser sjå så roseraudt på ting* (Surnadal) / *i rosenes leir; sjå I leir 3* // i sml: *hu var raulett og pen som ei rose* (Prøys. IV, 167) / *lengst derinne stod snøfjelle lik ei bleikraud rose i nattsola* (Du. Hi 131) // bil.: **no Jesus, du stendig skal vera mi rosa, mi pryda og æra* (BlixNS+648, 8) // i samb **dans på roser** sorglaust og lett liv, stode utan vanskar og motgang: *det eg trudde skulle verta eit helvete utan like, har vore den reinaste dans på roser* (Vest-Nytt 2005) / *det var just ingen dans på roser å ta ut grytidleg ? i snøkave og kulde vintersdagen* (Firda 2001). **4 a** noko som minner om rose (i tyd 3) i form el farge: *få, ha roser i kinna* / *det har vorti ei rund rose miåt på bordet etter*

glaset som stod der (Elverum) / *kaffien laga ei mørk rose i teppet* (Siverts. P 22) / *ei frontrute med ei stor rose vil nok aldri gå gjennom kontrollen til biltilsynet* (Strilen 1985); òg i sms som *frost-*, *is-rose*. **b** figur, mønster, ornament som er brodert, teikna, måla, utskoren el l og som liknar blomar el blad: *det kan eg sjå på rosene, at det er du som har sauma dei* (Valle) / *loka* (på smørkannene) *har karveskurd som set roser i smøret* (ReintonTSr 89) / *det var so mange rare rosar uppi sengehimmelen. Det skulde visst vera skyir og stjerner* (Mor. Sv 13); òg i sms som *gull-*, *tråd-*, *åtteblad-rose*. **c** bilete, illustrasjon, teikning (i bok el blad); glansbilete (Våler i Sol, Stange, Furnes, Elverum, Sollia, Folldal, Gbr, Bjerkreim, Voss, Lærdal, Sfj, Gloppen, Bolsøy, Hemne, Oppdal, Brekken; ÅrsskrRindal 1986, 35): *han kunne ikkje lesa, men han såg på rosene* (Bolsøy) / *i denne eventyrboka er det mange fine roser* (Ringebu). **5** overf, serl poet., (fager) gjente el kvinne: **eg ville, ho va' mi den rósi* (FvBu. 104) / **tva rosir søv'e der inne* (Fv III, 23). **6** (lokke)namn på t d ku el geit (GOS VIII, 102; Støyl. NBL 51). **7** tunn (papir)skive med grad- og strekinndeling i kompas (Jans. Esk. LFU 84).

III ruv n [VigOrdl u anseelse og omfang, A, R; målf òg genus m (Selbu, Leksvik, Skogn, Grong); til I ruva] **1** (stort) omfang, volum, storleik, res (I, 6) (VigOrdl; A; Gbr R, Vågå, Voll, Ndm, Trl, Tjeldsund; Du. TG 128): *det er ruv på det / vera god* (el *sterk, tung osfr*) *etter ruvet / det er ikkje stort ruv(et) på det* (Stangvik, Trl A) / *det er mykje på ruv* det er mykje å sjå til (LeksvikKill.) / *vera god for ruvet sitt vera kry, stolt* (Ørland) // i samb **stor på ruv** 1 stor, omfangsrik å sjå til (Voll, Ndm, Ørland, Stadsbygd, Meldal, Gauld, Byneset, Vikna): *mannen er stor på ruv* (Stangvik) / *halmlasset var ikkje så tungt, men det var stort på ruv* (Tingvoll). 2 nedsetj, som det er gjort for mykje ut av (Ørland, Buvik, Byneset). 3 (om person) som gjer seg større enn han er (Verran, Vikna): *da var han stor på ruv, så liten han var* (Du. TG 128). 4 (om vør) uroleg, valdsam (Stadsbygd): *han er stor på ruv i dag*. **2** noko som ser stort ut utan å ha tilsvarende tyngd (Gbr, Ndm R, Hemne, Horg, Selbu R, Stjørdal R, Skogn): *det er berre ruvet* (R) / *oksen er stor på ruvet* ikkje så stor som han ser ut til (NGbrBjørs.). **3** merke (I, 3a), snev (Ringsaker R): *der er ikkje noko ruv av det*. **4** hangande pynt på klede, t d kniplingar el blonder (Selbu R, Strinda R, Astafjord).